



Masfjorden kommune

Att:

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

## Forslag til reguleringsplan for Kvamme gnr32 bnr6 m.fl. Masfjorden kommune - Uttale

Vi viser til brev av 24.06.2020 frå Masfjorden kommune og forslag til reguleringsplan for Kvamme gnr. 32 bnr. 6 mfl.

Masfjorden kommune skriv at føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av tre bustader på tidlegare utskilte tomter, fem utleiehytter, samt tilkomstveg, parkering for ålmenta, tursti, friområde, ferdigstilling av kai, og etablering av flytebrygge på 12 meter med plass til 4 småbåtar. Det er og lagt ut eit mindre naustområde for eitt naust heilt sør i planområdet. I tillegg har kommunen bestemt at det skal leggjast ut på høyring eit alternativ 2 med revidert plankart og føresegner, der det vert regulert for bustadtomtar i staden for turistanlegg.

I samband med oppstartsmelding som vart sendt ut 15.01.2020 har Fiskeridirektoratet sagt at det må takast tilstrekkelig omsyn til fiskeriinteresser ved regulering sjøområde (vårt brev av 13.03.2020). Planforslaget (alt. 1 og 2) omfattar sjøområde regulert som V - *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* (10,5 daa), og BBS – *Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* (0,4 daa). I føresegna under 2.8 Tiltak i sjø, heiter det;  
*«Tiltak i reguleringsområdet må ikkje vere til hinder for hevd bunden bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys».*

Fiskeridirektoratet region Vest meiner at fiskeriinteressene vert teke tilstrekkelig vare på i begge planforslaga, og vi har ingen vidare merknader til saka.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

**Mottakarliste:**

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
--------------------	---------------------	------	-------------

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

